



## Referat

### Områdeutval for Voss lokalsjukehusområde

<b>Dato og tid:</b>	30. januar 2025 kl. 1000 - 1300
<b>Møtestad:</b>	Møterom Vangsen, Voss sjukehus
<b>Møteleiar:</b>	Torstein Kvåle Hellesnes
<b>Til stades:</b>	Tove Iren Vedå, vara for Kjersti Nordanger (Voss herad) Terje Langeland (Kvam herad) Solrun Hauglum (Vaksdal kommune) Torstein Hellesnes (Ulvik herad) Karin Flatabø Thrane (Eidfjord kommune) Birger Lærum (Voss sjukehus) Randi-Luise Møgster (Helse Bergen) Grete Lill Hjartnes (Helse Bergen) Anne Jorunn Langeland, vara for Maria Vollsæter (Helse Bergen) Brita Træbakken (brukarrepresentant kommune) Vegard S. Kolve (Bjørkeli DPS) Eldfrid Nerland Haukenes (fastlege) Eystein Hauge (kommuneoverlege) Britt Heidi Tefre (Unio) Line Lie (Fagforbundet) Trude Hjortland (SSE føretaksrepresentant) Eli Skeie (SSE kommunerepresentant)
<b>Fråfall:</b>	Atle Grung (brukarrepresentant føretak) Everline Mjømen (vara, brukarrepresentant føretak)
<b>Referent:</b>	SSE

<b>Nr.</b>	<b>Saksliste</b>	<b>Sakstype</b> Vedtak Drøfting Orientering
01/25	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b> <b>Vedtak</b> Innkalling og saksliste vert godkjent.	V
02/25	<b>Godkjenning av referat frå 21.november 2024</b> <b>Innspel:</b> Står at Britt Tefre var tilstades, men det var ho ikkje. <b>Vedtak</b> Referat godkjent med endringa som vart spelt inn.	V
03/25	<b>Retningslinje tilknytt Tenesteavtale 3 og 5 – psykisk helse og rus</b> <i>v/Merete Eide Hernes, Seksjon for samhandling i Helse Bergen (Teams).</i> <b>Innspel:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Helse Bergen vil tilby hjelp til implementering og opplæring ut mot kommunane.</li><li>- Lyt sjå endringa i samheng med revisjon av tjenesteavtale 3 og 5. Endringsforslaget som ligg i denne saka er meint som ei forbetring i påvente av revidert avtale</li></ul>	V

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Den viktigaste endringa er god informasjonsflyt: god informasjon inn er god informasjon ut.</li> </ul> <p><b>Vedtak</b> Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde støttar forslaget til endring i tekst i</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Punkt 1. <i>Ved innleggelse</i> i retningslinja retningslinje-for-elektronisk-samhandling-psyk-og-rus.pdf, og ber SSE om å endre teksten i retningslinja, og publisere den på saman.no</li> <li>2. Punkt 3. <i>Innleggelsesrapport</i> i retningslinja retningslinje-for-elektronisk-samhandling-psyk-og-rus.pdf og ber SSE om å endre teksten i retningslinja, og publisere den på saman.no Mal for innleggingsrapport må leggest nedst i retningslinja.</li> <li>3. Punkt 2. <i>Melding om innlagt pasient</i> og punkt 4. <i>Helseopplysninger - Tidligvarsel</i> i retningslinja retningslinje-for-elektronisk-samhandling-psyk-og-rus.pdf og ber SSE om å endre teksten i retningslinja og publisere den på saman.no.</li> </ol>	
04/25	<p><b>Leiarverv og SSU-representasjon</b> <i>v/Torstein Hellesnes</i></p> <p><b>Innspel:</b> Ingen, men applaus for samrøystes vedtak.</p> <p><b>Vedtak</b> Områdeutvalet for Voss lokalsjukehus vedtek at Torstein Hellesnes vert leiar av områdeutvalet, og at Solrun Hauglum vert kommunane sin SSU-representant fram til hausten 2026.</p>	V
05/25	<p><b>Orientering frå SSU</b> <i>v/Solrun Hauglum</i></p> <p><b>Innspel:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Diskusjon kring saka 38/24: Korleis skal helsefellesskapet planlegge for krig? <ul style="list-style-type: none"> <li>o Alle bør kommunalsjefane bør sjekke om dei har fått GAP-analyse som vart gjennomført av statsforvaltaren.</li> <li>o Kommunane vil ha same utfordring som sjukehusa mtp bemanning ved ev. krig.</li> <li>o Spørsmål knytt til kva ressursar ein sitt igjen med dersom heimevernet må trø til. Beredskapsøving i mars i kommunane – usikkert om heimevernet er med. Er heimevernet med, så går ein del ressursar går ut.</li> <li>o Viktig å førebu seg, og viktig å jobbe saman med det.</li> </ul> </li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> OU Voss lokalsjukehusområde tar saken til orientering</p>	O
06/25	<p><b>Status handlingsplan</b> <i>v/SSE</i></p> <p><b>Innspel:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Spørsmål om «følge opp innspelskonferansen med frivillige (frå des. 2023), og kvifor den ikkje er starta. Det vert påpeika frå fleire at saka bør prioriterast.</li> <li>- Det er ønskeleg å ha rutine på å oppdatere handlingsplanen, og at ein kan synleggjera det som er blitt grønt (= ferdig) som kulepunkt til slutt i handlingsplanen. I tillegg kunne det vore nyttig å hatt ei årsmelding for helsefellesskapet.</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> OU Voss lokalsjukehusområde tar saken til orientering, og kan koma med innspel til handlingsplan innan 17.februar</p>	O
07/25	<p><b>Referat frå underutvala</b> <i>v/Torstein Hellesnes og SSE</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <u>Rehabilitering (05.12.24)</u></li> </ul> <p><b>Innspel:</b> I referatet står det at dei ventar på mandat til arbeidet med Riksrevisjonen sin rapport, og det kom opp spørsmål om dette framleis var gjeldande. Det er no overlevert (ref. sak 13/25).</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <u>Pleie og omsorg (21.01.25)</u></li> </ul> <p><b>Innspel:</b> Spørsmål kring vurderinga av KAS-senger, og innspel om at ein bør høyre med Bergen kommune for erfaringar for å kunne eventuelt vurdere vidare. Dersom ein skal gå</p>	D/O

	<p>vidare med ei slik vurdering bør ein også få oversikt over korleis er belegg i periodar vs. snitt.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <u>UFAB (21.01.25)</u></li> </ul> <p><b>Innspel:</b> Spørsmål om kvifor kvar kommune lyt ha eigen avtale med akutthjelpar. Forklaringa var at det er vanskeleg å lage ein felles avtale som klarer å skreddarsy den enkelt kommune sitt behov, då det er ulike eksisterande system og roller i dei ulike kommunane.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <u>Rus og psykisk helse (05.12.24)</u></li> </ul> <p><b>Innspel:</b> Områdeutvalet føl opp diskusjonen kring kor bekymringsmeldingar kring gravide med rusutfordring og vurdering av tvang skal gå. Paragraf 10.1 og 10.2 i helse- og omsorgstenesteloven er tydeleg på at kommunane (ikkje nødvendigvis ROP-tenesta) skal ha eit system for handtering (uavhengig av graviditet eller ikkje). Det er behov for bistandspunkt, og det skal vera ein bistandsavtale mellom ulike kommunar og spesialisthelsetenesta. Det er litt usikkerheit kva team dette ligg under.</p> <p><b>Oppfølging:</b> Helse Bergen føl opp og kjem attende med ei avklaring.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <u>Barn og unge (05.12.24)</u></li> </ul> <p><b>Innspel:</b> Vedlegga lar seg ikkje opne når det ligg slik, så om det er ønskeleg at OU skal lese bør ein legge det til på anna vis (dette kan underutvalet vurdere sjølv). Nytt i mandat er at det også gjeld somatikk. Tove Iren Vedå har høyrte med Voss sin representant om å sjekke ut kva ein då skal gjere, for deretter å presentere i OU. Ikkje sikkert det må vera to ulike representantar.</p> <p><b>Oppfølging:</b> Helse Bergen tek spørsmålet om behov for to representantar med seg inn i Brukarutvalet for barn og unge.</p> <p><b>Generelt innspel:</b> Viktig at underutvala føl mandata. Felles problemstilling er at ein bør arbeide for meir tverrfagleg representasjon i underutvala. Det kjem også spørsmål om det ikkje burde vore fastlegerepresentasjon inn i underutvala.</p> <p><b>Ang Lokalsjukehuskonferansen:</b> Er under planlegging, og datoen vert 25.september på Voss.</p>	
08/25	<p><b>Ny honorarsats for brukarrepresentantar</b> v/SSE</p> <p>I forbindelse med revisjon av “felles retningslinje for brukarrepresentantar på systemnivå” har honorarsatsen for brukarrepresentantar har vorte lik i dei fire regionale helseføretaka. Helse Bergen har ikkje vore involvert i prosessen rundt justering av honorarsatsen.</p> <p><b>Innspel:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Spørsmål om kven som skal dekke honorar for brukarrepresentant. Det vert vist til “retningslinje for deltaking og representasjon” i Helsefellesskapet, der det står at kvar part dekker kostnaden ved representasjon. For OU Voss lokalsjukehusområde er det litt annleis sidan partane betaler kontingent. Honorar vert difor utbetalt frå Voss sjukehus som disponerer og administrerer midlane til OU Voss lokalsjukehusområde.</li> <li>- Spørsmål om korleis ein skal tolke brukarrepresentasjon i underutvalsstrukturen; er disse òg omfatta av endringa i honorarsats? Dette spørsmålet må følgjast opp i samhandlingsstrukturen, og vurdering og vedtak må inn i retningslinja for deltaking og representasjon.</li> </ul> <p><b>Vedtak</b> Retningslinje for honorering av brukarmedverknader i Helse Bergen vert justert i samsvar til regulert sats vedtatt i Styret i Helse Vest. Praxis for honorering av brukarrepresentantar i helsefellesskapet i bergensområdet vert endra i samsvar til ny sats. Ny sats er gjeldande frå 01.01.2025.</p>	V
09/25	<p><b>Årsmelding 2024, rekneskap for 2024 og budsjett for 2025</b> v/SSE</p> <p><b>Innspel:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Årsmelding: Det manglar informasjon om deltaking i arbeidsgruppene som har jobba med Sandviken området, Pasientens legemiddelliste og revisjon av særavtale LIS1. SSE skriv dette inn i oppdatert versjon.</li> </ul>	V

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Rekneskap 2024: Kva ligg i kostnaden «brukarrepresentasjon»? SEE sjekkar dette med controllar.</li> </ul> <p><b>Vedtak</b> Årsmelding vert vedtatt med ovannemnte tilleggsopplysningar, og rekneskap og budsjett vert vedtatt utan endringar.</p>	
10/25	<p><b>Program for Partnerskapsmøtet</b></p> <p>SSE orienterte om program og invitasjon.</p>	O
11/25	<p><b>Orientering om søknader til rekrutterings- og samhandlingsmidlar</b> v/Birger Lærum</p> <p>Informasjon om søknaden som blir skriven i samarbeid mellom Voss sjukehus og kommunane i området.</p> <p><b>Innspel:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Forslag til søknader neste år/runde: Samordning av køyring til spesialisthelsetenesta. Går det til dømes an at tidspunkt for innkalling til sjukehus er knytt til postnummer? Mammografi, hørsel og auge er typiske store grupper med mykje reising. Fare at pasientar droppar kontroll p.g.a. reiseveg. Helse Bergen føl opp med ein dialog med Avdeling for øre, nese, hals.</li> </ul> <p><b>Vedtak</b> Områdeutvalet tek delt informasjon kring tiltenkte prosjekt og søknader til orientering.</p>	
12/25	<p><b>Prehospital plan</b> v/Tommy Nybakk, Konstituert avdelingssjef i Akuttmedisinsk avdeling (Teams)</p> <p>Planen kjem til å bli sendt ut til høyring, ha ei behandling i etterkant av innspela, før saka etter planen skal til FAMU og deretter styret i Helse Bergen 19.juni 2025.</p> <p><b>Innspel:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Spørsmål om det er nok tid for OU Voss lokalsjukehusområdet å gje innspel når neste møte er 8.mai, og frist for innspel er satt til 12.mai. T. Nybakk skal undersøke dette med prosjektleiar.</li> <li>- Spørsmål kring korleis fjordane (Ulvik, Eidfjord og Ullensvang) blir påverka i grensesnittet med tanke på ambulansetenestene der? Det er planlagt at dei tilgrensande føretaksområda vert invitert til å gje innspel ved høyring av planen.</li> <li>- Det vert påpeikt at med samhandling heng alt saman med alt. Denne planen har også betydning for planlegging av Nye Voss, intrakommunal legevakt og ambulansestasjon. I prosjektet prehospital plan er det ei formell avgrensing.</li> </ul> <p><b>Vedtak</b> OU Voss lokalsjukehusområde takker for presentasjon av status i arbeidet med prehospital plan og tar saken til orientering</p>	
13/25	<p><b>Oppfølging rapport frå Riksrevisjonen</b> v/SSE</p> <p>Første møte for arbeidsgruppa er planlagt 5.februar, og dei legg opp møteverksemd for å nå fristen som er gitt. Kartleggingsskjemaet som er utarbeida i samarbeid med representantar frå SSE og Klinikkdirktør for Rehabiliteringsavdelinga er delt, og dei er positive til samarbeid med andre områdeutval.</p> <p><b>Innspel:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Generelt er det ein kort frist for eit stort arbeid.</li> <li>- Viktig å sjå arbeidet i samsvar med NOU-rapporten som også tek føre seg arbeid med frivillige aktørar og andre aktørar. Spørsmål om ein får nok informasjon nok om dei pasientane som fell utanfor?</li> <li>- Spørsmål kring kven som skal svare på kartleggingsskjemaet, då svaret vil verta påverka av dette. Det er ønskjeleg med eitt svar frå kvar kommune, men det er viktig å få ulike synspunkt frå leiarane frå dei ulike avdelingane må ta ansvar for at aktuelle blir involvert, inkludert fastlegane. SSE føl dette opp med diskusjon og kjem til å presisere det til arbeidsgruppa.</li> </ul> <p><b>Vedtak</b> Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde godkjenner vedlagt spørjeskjema til bruk i kartleggingsarbeidet, og gjev arbeidsgruppa mandat til å utvide spørjeskjemaet ved behov.</p>	

	SSE informerer arbeidsgruppa om ønskje om eitt svar frå kvar kommune, og at i så tilfelle lyt svaret vera basert på involvering av dei ulike aktuelle tenestene.	
14/25	<p><b>Representantar til revisjon av Tenesteavtale 3 og 5, og særavtale til Tenesteavtale 2 v/SSE</b></p> <p><b>Innspel:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bra at Tenesteavtale 3 og 5 for somatikk og rus og psykiatri vert slått saman.</li> <li>- Sjølv om arbeidsgruppa har fått mandat til å vurderer det, så ønskjer Helse Bergen å signalisere at arbeidet med tenesteavtale er omfattande og at andre personar bør delta i arbeidet med særavtale til Tenesteavtale 2.</li> </ul> <p><b>Vedtak</b></p> <p>Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde melder inn YY som representant(er) til arbeidsgruppa som skal jobbe med revisjon av tjenesteavtalene 3 og 5, og særavtale til tjenesteavtale 2.</p> <p><i>Etter møtet vart det avklart at representanten blir Tove Iren Vedå frå Voss herad.</i></p>	
15/25	<p><b>Orientering frå representantane</b></p> <p><b>Vaksdal kommune</b></p> <p>Set pris på samarbeid i området. Har fått forlenga avtale kring friskliv og meistring, sjølv om det vart diskutert politisk. Har fått digitaliseringskonsulent og fagsjukepleiar i tenestene.</p> <p><b>Ulvik herad</b></p> <p>Politisk vedtak om å sei opp samarbeidet kring ØHD-vertskommunesamarbeidet med Voss, Eidfjord og Vaksdal og Tenesteavtale 4. Dette vart gjort like før nyttår, og samarbeidet vil difor verta avslutta ved årsskiftet 2025/2026. Håpar å finne gode løysingar og ev. få til ny avtale i løpet av 2025.</p> <p><b>Eidfjord kommune</b></p> <p>Ein del rokkering på personale. Litt utfordring med legedekning.</p> <p><b>Voss herad</b></p> <p>Ein del pågåande tiltak, mellom anna samordna dagsenter. Tenestene har nok rom og kapasitet. Ein jobbar med omorganisering og effektivisering av tenestene.</p> <p><b>Kvam herad</b></p> <p>Store innsparingssparingar ligg i grunn, men kutta har ikkje blitt gjort. Vil truleg bli økonomiske utfordringar i 1.tertial. Jobbar mykje med legerekuttering for tida.</p> <p><b>Haukeland universitetssjukehus</b></p> <p><u>Divisjon psykisk helsevern</u></p> <p>Løypemelding frå prosjektet «Psykisk helsevern for framtida» (les meir her: <a href="#">lenke</a>):</p> <p><u>Årstadhuset</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Forprosjekt vedtatt i styret Helse Bergen</li> <li>- Detaljeringsfase mars-juni 2025 (ei arbeidsgruppe)</li> <li>- Organisasjonsutviklingsprosjekt haust 2025</li> <li>- Byggefase 2026-2029</li> </ul> <p><u>Sandviken-området</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Prosjekt Sandviken starta november 2024</li> <li>- Arbeidsgruppemøter - 12 samlingar – deltakarar frå Helsefelleskapet, Kriminalomsorgen region vest, KSK, AFR, DPH (klinikkar, DPS, forskning, kompetansesenter), tillitsvalte, verneteneste, brukarutval, Drift/teknisk divisjon, seksjon for eHelse og Kommunikasjonsavdelinga.</li> <li>- Rapport vert levert til divisjonsdirektør 30. april 2025</li> <li>- Rapport vert levert til styret i Helse Bergen juni 2025</li> </ul> <p><u>Framtidas DPS</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Oppfølgingsarbeid av rapport haust 2025</li> </ul> <p><u>Børne og ungdomsklinikken</u></p>	

	<p>Fagleg samarbeid på tvers av klinikkane kring helsepedagogikk. Jobbar med større satsing på ungdomsmedisin. Godt samarbeid med kommunane i enkeltsaker, men har ikkje lukkast å få til felles søknad om rekrutterings- og samhandlingstilskot. Samarbeid om følge er viktig, også med tanke på rask behandling.</p> <p><u>Anna:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Avdeling for rusmedisin har opna mottakspost i Martens-bygget på Sandviken-området.</li> <li>- Dialogmeldingar for ikkje-innlagte pasientar har vore eit pilotprosjekt mellom to einingar i sjukehuset og Bergen kommune. Løysinga skal rullast ut til resten av kommunane i bergensområdet i løpet av våren 2025. Informasjon vil bli sendt ut i forkant.</li> </ul> <p><b>Voss sjukehus</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Krevjande tid med tanke på økonomi med stort underskot i 2024.</li> <li>- Utfordring med nyrekruttering, for tida særleg innan medisin. Dette er også utfordring andre stader, også i byane. Korleis knekke koden med å få tak i dei nye helsearbeidarane?</li> <li>- Likevel: god rekruttering innan gynekologi, har no 5 gynekologar.</li> <li>- Føden har laga Instagramkonto: foden_voss_sjukehus</li> <li>- Stor dag i går: Første dag i brukarpanelet. Engasjert gjeng.</li> <li>- Prosjekt Nye Voss, vert jobba med forankring i Helse Vest. Viktig å koordinere med andre prosessar (inkl. Prehospital plan) då ein skal ta vegvala.</li> <li>- Skryt til Voss herad ifm Norovirusutbrot i sosialbygget, rask og stor innsats, samt god dialog gjorde at det vart avgrensa.</li> <li>- Har direkte dialog med kommunane om problemstillingar knytt til utskrivingsklare pasientar.</li> </ul> <p><b>DPS Voss</b></p> <p>Skal drifte som før. Bemanning bra, men slit med rekruttering av LIS. Jobbar med strategiplan, og den vil bli sendt ut til partane ved høyring.</p> <p><b>Brukarrepresentantar</b></p> <p>Opplev at det kan vera vanskeleg å komme i kontakt med brukarrepresentantar i ulike kommunar. Har sendt brev til postmottak og bedt dei om å sende vidare til leiar frå ulike brukarutval. Ber om at dei andre kommunane informerer om kven som er representanten.</p> <p><b>Innspel:</b> Kommunalsjef for helse og omsorg kan stå som kopi, då dei ofte er involvert/har sekretærfunksjon i dei ulike råda.</p> <p><b>Norsk sjukepleiarforbund</b></p> <p>Ingenting spesielt å nemne.</p> <p><b>Fagforbundet</b></p> <p>I lys av at arbeidarar kan bli freista til å jobbe natt på grunn av gode knytt til denne type turnus, er det også viktig å få fram dei potensielle negative effektane av å jobbe natt.</p> <p><b>Fastlegerepresentant og kommuneoverlege</b></p> <p>Angående PLL (Pasientens legemiddelliste) har ikkje fastlegane alle systema som trengs. Ein håpar på å få det til i løpet av våren.</p>	
16/25	<p><b>Eventuelt</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>i. Informasjon om prosjekt regionalt pasientforløp for spiseforstyrrelser via utsendt dokument. Kommunale representantane kan ta direkte kontakt. <u>Vedtak:</u> Områdeutvalet for Voss lokalsjukshusområde bidreg til å dele saksgrunnlag og rapport med relevante tenester i kommunane. Kommunen er sjølv ansvarleg for å ta kontakt med saksinnmeldar.</li> <li>ii. Innspel til tema (ref OU-sak 29/24) bør sendast til SSE.</li> </ol>	

**Neste møte:** Torsdag 8.mai (kalenderinnkalling er sendt i Outlook. Saksliste og tilhøyrande saksgrunnlag kjem ei veke før møte).